

Årsmelding og
rekneskap



VØR

Sortert avfall gir verdi!

2019

Innhald

STYRETS ÅRSMELDING 2019	4
Styringsorgan	4
VØR og nasjonale avfallsmål	4
Selskapet si verksemd i 2019	5
Selskapskontroll	5
Brukarundersøking.....	5
Utsortering av matavfall- Ein suksess!.....	5
Marin forsøpling og strandrydding	6
ISO-9001.....	8
Melsgjerdet	8
Hornindal.....	8
Miljøstasjonen i Hovdebygda.....	9
Slamtømming	9
Nedgravde anlegg	10
ÅRIM, SSR og VØR	10
Informasjonsarbeid	10
Avfallsreknenskap	11
Plastemballasje	13
Glas og metallemballasje	14
Restavfall.....	14
Papir, papp og kartong.....	15
Farleg- og småelektrisk avfall.....	15
Brann i avfall	16
Eigarrapportering og framtidutsikter	16
ØKONOMI.	17
Personale, arbeidsmiljø og ulykker.....	17
Representasjon i 2019	18

Figur 1-Avfallshierarkiet	5
Figur 2- VØR bilar leverer matavfall hjå SSR	6
Figur 3- Russen stiller opp til aksjon/ Tilsett Ove Myklebust her med gamle synder funnen i naturen.....	7
Figur 4- Førsteklasse og fjerdeklasse ved Mork skule ryddar rundt skuleområdet og Furene. Her vart det mykje fangst!	8
Figur 5- Mange leverer farleg avfall på miljøstasjonen/ Tilsette ettersorterer innsamla metall- og glasemballasje	9
Figur 6 Nedsetting av nedgravde anlegg ved Berte Kanuttevegen i Ørsta.....	10
Figur 7- Kommunikasjonsansvarleg ved SSR og VØR hadde foredrag om avfallreduksjon ved Ivar Aasen tunet/ Besøk av Åmås Friskule	11
Figur 8- Innsamlingsaksjon av farleg avfall på Bjørkedalen /Besøk av barnehage på anlegget	11
Figur 9-Avfall levert frå hushald i Volda og Ørsta kommuner frå 2016-2019.....	13

STYRETS ÅRSMELDING 2019

VØR er heileigd av Ørsta og Volda kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50 % kvar.

Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune og driv med innsamling, transport og behandling av avfall og slam på vegner av eigarkommunane.

Styringsorgan

Representantskapet avvikla 3 møter i 2019 og handsama 13 saker. Styret avvikla 5 møter og handsama 45 saker.

Representantskapet sine medleamar er: Jan Henning Egset - leiar, Aslaug Marit Øyehaug - nestleiar, Jostein O. Mo, Toril Hasfjord Bjørneset, Pauline Vartdal Vinjevoll, Hild Våge, Bjørn Helset og Arne Torvik.

Nytt representantskap konstituerte seg den 16 desember 2019, og har slike medleamar:


Jan Henning Egset - leiar, Ingvild Aasen - nestleiar, Eldar Engelund, Ingebjørg Osdal, Toril Hasfjord Bjørneset, Kristin Riise, Pauline Vinjevoll, Olav Hope,

Styret sine medlemer: Jon Helge Bjørndal – leiar, Ann Britt Våge Fannemel - nestleiar, Helge Standal, Anne Ellingsen og Ove Myklebust (tilsette- representant)

VØR og nasjonale avfallsmål

VØR arbeidar innafor ein kvardag der måla for nasjonal avfallspolitikk framover til 2035 er fastsette av stortinget gjennom klimaforliket, nasjonal avfallsstrategi vedteke mars 2018 og regjering via Miljødirektorat og Fylkesmann. Stortinget har vedteke mål for avfallspolitikken og desse er tett knytt opp til internasjonale mål i EU sine direktiv for avfall og emballasje, samt sirkulær økonomi handlingsplan av 2018. Avfallspolitikken i Noreg kan seiast å ha tre hovudretningar:

1. Auken i mengd avfall skal vere mindre enn den økonomiske veksten.
2. Avfallshierarkiet skal vere styrande for nasjonal avfallspolitikk (sjå illustrasjon under)- Avfallsreduksjon og ombruk viktigast. Materialgjenvinning deretter. Så energigjenvinning. Deponi er det lågaste nivået i hierarkiet.
3. Det er eit høgt prioritert mål å samle inn mest mogleg farleg avfall. Farleg avfall må ikkje blandast saman med anna hushaldningsavfall.



Figur 1-Avfallshierarkiet

Stortinget si målsetting er 50 % materialgjenvinning av avfall frå hushald innan 2020. 60 % innan 2030 og 65 % innan 2035. Representantskapet til VØR har vedteke eige krav om 60 % materialgjenvinning innan 2020 som vi vil nå. I tillegg vedtek kommunane klimaplanar med konkrete tiltak for gjenvinning, dei fastset renovasjonsforskriftene og dei styrer gjennom selskapsavtalen. VØR sin aktivitet er såleis styrt av eigarane.

Selskapet si verksemd i 2019

VØR skal som eit interkommunal avfallselskap oppfylle eigarkommunane sine krav til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Samtidig skal vi ha fokus på god kundeservice og legge til rette for dei gode løysingane til innbyggjarane. VØR er på same tid underlagt nasjonale og internasjonale krav til innsamling og behandling av avfall frå hushald. Dette betyr at verksemda blir målt på bl.a økonomistyring, brukarvennlegheit og miljø- og materialgjenvinningsmål.

Selskapskontroll

Kommunestyra i eigarkommunane vedtok i 2019 selskapskontroll av VØR. Forvaltningsrevisjonen vart utført av Vest Kontroll og gjekk føre seg i perioda august og september. Vi opplevde revisjonen som grundig og vi måtte sette av mykje av den administrative ressursen på denne. VØR opplevde å komme godt ut av kontrollen, der både sjølvkostrekneskap og kryss subsidiering vart nøye kontrollert med karakteren godkjent. Eit nytt styringskrav for oss var krav om å følgje KS sin rettleiar, som vi har implementert frå 2020.

Brukarundersøking

VØR var våren 2018 med i ein renovasjonsbenchmarking undersøking i regi av Avfall Norge. I denne samanheng vart det utført ei brukarundersøking av VØR sine tenester blant abonnentane. Resultatet viste at abonnentane våre er godt kjende med VØR, dei er nøgde med oppsamlingssystemet og miljøstasjonen om lag som snittet i landet. VØR planlegger ny brukarundersøking i 2020.

Utsortering av matavfall- Ein suksess!

Kommunestyra vedtok gjennom renovasjonsforskriftene å innføre eiga innsamlingsordning for matavfall i sine kommunar frå 01.01.2019. Etter eit år med denne ordninga, kan vi seie oss nøgde med resultatet så langt. Totalt i 2019 samla vi inn 1488 tonn med matavfall. Dette utgjer i

gjennomsnitt 74 kg innsamla matavfall per innbyggjar dette året. Dette er godt over målet som vart gitt i Ørsta kommune sin klimaplan av 2010 om utsortering av minimum 45 kg våtorganisk avfall pr innbyggjar ved innføring av matavfallinnsamling.



Figur 2- VØR bilar leverer matavfall hjå SSR

Basert på tala frå 2019, ser vi at matavfallinnsamlinga aleine bidreg til å auke materialgjennvinningsgrada til VØR med omtrent 20 prosentpoeng, frå over 40% til 61%. Dermed oppnår vi det nasjonale målet om 50% materialgjenvinning av avfall frå hushald innan 2020 og målet til representantskapet om 60% materialgjenvinning innan 2020.

Tre utfordringar vi må arbeide vidare med frå 2020 er feilsortering i matavfallet, få bleiene tilbake i restavfallet og bytte ut plastposen med papirpose. Det siste i tråd med eit oversendingsframlegg vedteke i fellesnemnda for nye Volda kommune i samband med godkjenning av nye forskrifter gjeldande for 01.01.2020.

Bleiene blir i dag uansett sortert ut som restavfall ved biogassanlegget, Mjøsaneanlegget, som i dag er mottakar av matavfallet vårt. Dette er fordyrande i pris og gir unødvendig vekt ved transport av matavfallet. Det er også knytt bekymringar til nanoplast frå bleier og plastposar i biogjødselen. VØR og Søre Sunnmøre Reinholdsværk (SSR) har i fleire omgangar vore i dialog med Mjøsaneanlegget. Anlegget følgjer gjødselvareforskrifta som seier at ei gjødselvare kan maks innehalde 0,5% forureining. Gjødselvareforskrifta sett også krav til at partiklar ikkje skal vere over 4mm. Mjøsaneanlegget tek 4 prøver i året av gjødsel og prøvene hittil viser 0,18 % forureining, altså langt under krava om 0,5% som beskrive i gjødselvareforskrifta. Dei 0,18 % består av både sand, glas, stein og anna grums.

Marin forsøpling og strandrydding

Marin forsøpling er ein av dei største miljø utfordringane vi har i dag og det er eit vesentleg fokus på dette i nyheitsbiletet. Marin avfall er avfall som samlar seg i strandsona og i havet. I følgje Miljødirektoratet består 70-90% av forsøplinga av plast langs kysten av Noreg. Mesteparten av plastavfallet stammar frå fiskeri- og havbruksnæringa, samt frå forbrukarar. Nyare forskning viser òg til at 94% av platen som hamnar i havet søkk til botnen i form av mikroplast. Resterande mengder er synleg på overflate og land. Platen forsvinn ikkje og vert nedbrote til mikro- og nano partiklar som er til stor skade for livet i havet og på land. Ei undersøking av havhestar i Nordsjøen har vist at heile 9 av 10 fuglar har plast i magesekken. Vi er spesielt utsatt på Sunnmøre der havstraumar frå

Atlanterhavet møter havstraumar frå vestkysten og slik dreg med seg avfall frå både utland og nærrområde til kyststrekningar og strandlinjer.

I statsbudsjettet for 2019 øymerka Regjeringa 90 millionar kroner til tiltak mot marin forsøpling. Desse midlane vert tildelt avfallsselskap, interesseorganisasjonar og frivillige gjennom bl.a Miljødirektoratet og Hold Norge Rent. For VØR sin del starta strandryddeaksjonane tidleg i 2019, med første aksjon i byrjinga av april. Det har vore færre aksjonar dette året samanlikna med åra før. Tidlegare år der det har vore sær mange aksjonar registrert, kan nok settast i samanheng med kvalen på Sotra i 2015 som då framleis satt fersk i minnet til folk. Vi er usikre på kvifor det har vort færre ryddeaksjonar i 2019, men det ser ut til å vere tilfellet hos fleire interkommunale avfallsselskap.

Kommunikasjonsansvarleg inviterte kommunane og frivillige organisasjonar til eit informasjonsmøte før sesongen for ryddeaksjonar starta i 2019. Her vart vidare grunnlag for samarbeid lagt og vi har hatt stor hjelp i parketatane både hos Volda og Ørsta kommunar, i form av transport av avfall til miljøstasjonen i Hovdebygda. Frivillig sentralen i Volda har òg hatt ei aktiv koordineringsrolle med utdeling av utstyr til aksjonar. I tillegg vart det i 2019 etablert eit nettverk for marin forureining på Sunnmøre, der avfallsselskap, bedrifter, frivillige og organisasjonar møtast for å diskutere felles utfordringar og korleis best løyse desse i lag. Marin forsøpling er eit kompleks og evigvarande prosjekt når ein ikkje får stoppa kjelda til utsleppet. Utfordringa er derfor å oppretthalde motivasjonen blant dei frivillige og interesseorganisasjonane. Der er vi som eit offentleg organ ei viktig spelebrikke for å legge til rette for at avfallet vert riktig handtert og behandla og vise at kvar ein innsats nyttar. Samtidig er vi avhengig av stabile finansieringsordningar frå myndigheitene, slik at vi får refundert dei faktiske kostnadane av mottak og behandling av avfallet.



Figur 3- Russen stiller opp til aksjon/ Tilsett Ove Myklebust her med gamle synder funnen i naturen.



Figur 4- Førsteklasse og fjerdeklasse ved Mork skule ryddar rundt skuleområdet og Furene. Her vart det mykje fangst!

ISO-9001

Styret gjorde vedtak i september 2019 om å gå for ISO sertifisering. Bakgrunnen er at VØR opplever stort trykk frå tilsynsorgan, enten det er kommunale eller statlege, på dokumentasjon som syner etterleving av lover, forskrifter, statlege og kommunale rettleiarar, intern rutinar og orden. Vi har så langt laga systemprosedyrar og overordna dokumentasjon, og følgjer oppsettet i 9001. Styret hadde sak om visjon og overordna mål i november. Dette kjem til representantskapet i april. VØR har valt Verify AS som sertifiseringsorgan utifrå pris og tilboden kvalitet. Vi tek sikte på å vere sertifisert i løpet av første halvår 2020.

Melsgjerdet

Reguleringsplanen for området er eigengodkjent med eige planstatus Renovasjon og Biogassanlegg for 36,7 daa. Dette vart klaga på til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Klagen vart avvist, slik at reguleringsplanen no er stadfesta. Konkurransen om bygging vert utlyst i mars 2020. Representantskapet har vedteke å søkje løyve om etablering av biogassanlegg. Løyvesøknad vert levert inn i løpet av mars 2020 i samarbeid med interessentane i Biogassanlegget, RIR, SSR, Årim og VØR. Ein reknar med opp til to års handsamingstid før evt. bygging.

Hornindal

Hornindal og Volda kommunar vedtok å slå seg saman frå 01.01.2020 og renovasjonstenestene for innbyggjarane i Hornindal vart frå 2020 overført frå NoMIL til VØR. Som eit ledd i førebuing til overtakinga, kjøpte VØR avfallsbeholdarar frå NoMIL som i dag står på eigedommane. Vidare la vi opp til å halde fram med drifta av mini-gjenbrukstasjonen på Grodås i 2020. Abonnentane i Hornindal, om lag 400 i talet, har ikkje hatt raud boks for farleg avfall slik som i Volda og Ørsta og er heller ikkje vande til å ha plastsekk opp i papirbeholdaren på hentedag.

Før nyttår i 2019, fekk innbyggjarane tilsendt ein brevpakke frå VØR med tømmekalender, sorteringsguide, brosjyre og informasjonsskriv om VØR sine ordningar. Informasjon har også blitt gitt via fellesnemnda i nye Volda kommune, nettsider og andre kommunikasjonskanalar, for å få overgangen til å gå så problemfritt som mogleg.


Raudeboks for farleg avfall, saman med posar og sekkar til matavfall og plastemballasje er levert ut i slutten av januar i 2020. Vidare har om lag 170 abonnentar bedt om og fått bytta opp til ein større papirdunk. Dette er 45 % av abonnentane. I Volda og Ørsta er tilsvarande tal 52 og 49 % . Innan våren reknar vi med å sjå like tal.

Miljøstasjonen i Hovdebygda

Besøka til miljøstasjonen har auka også i 2019, og det har vore periodar med høg trafikk. Veksten i grovavfallsmengder er 6%, det dobbelte av veksten i løns- og prisstigning. Dette forklarar vi med haldningsendring blant våre abonnentar som meir enn før er opptatte av miljøverdiar.

Fleire kjem innom med ekstra plastsekkar og papp, i tillegg til hageavfall og trevirke. Generelt sett var det ein nedgang i mengder avfall levert til miljøstasjonen i 2018 mot åra før. No har det auka igjen med forklaring som synt til ovanfor. Vi har hatt ein mindre nedgang i levert EE avfall i 2019 mot året før. Dette kan forklarast med at butikkane sitt mottaksansvar er tatt meir på alvor enn før, med egne miljøstasjonar for publikum.

Deponi mengda har også gått noko ned. Innbyggjarane kjem jamt og trutt for å tømme raudeboksa si, og vi ser at vi har hatt ei auke i levering av mindre typer farleg avfall, som batteri og lyspærer.



Figur 5- Mange leverer farleg avfall på miljøstasjonen/ Tilsette ettersorterer innsamla metall- og glasemballasje

Ei utfordring på miljøstasjonen er at enkelte tar lett på sorteringa av avfall. Hausten 2019 opplevde vi at ein såkalla linerakett gjekk av i grovavfallet i sorteringshallen. Dette var avfall som var tydeleg merka som eksplosivt og skulle ha vore levert tilbake til forhandlar. Slike episodar minner oss om viktigeita av god branntryggleik og rutinar, og fortel også innbyggjarane at å sortere avfallet sitt riktig er ei plikt som må takast på alvor.

Ei anna utfordring er at dei tilsette brukar mykje tid på å ettersortere avfall som blir samla inn frå hushald. Spesielt i gule dunken for glas- og metallemballasje får vi kvalitetstrekk frå Sirkel AS, på grunn av for høgt innhald av uønskt gjenstandar, til tross for at vi ettersorterer avfallet. Dette er kostnader som vi må ta igjen over renovasjonsgebyret. Meir om dette står i avsnittet om glas- og metallemballasje.

Ei tredje utfordring som vi tek med oss vidare inn i 2020, er at vi har på lager delar av ein sesong med hageavfall, som vi ikkje har funne avsetning på innafor fornuftig økonomi. Vi fekk stopp hos NOMIL våren 2019, og Bingsa tek heller ikkje imot for tida. Dette må ut før sesongen i 2020. Vi ser også på andre løysingar for reint trevirke og hardplast, som vil heve materialgjenvinningsgrada til VØR ytterligare om vi får sendt fraksjonane til materialgjenvinning. Per i dag går desse til energigjenvinning.

Slamtømming

Vi hadde mellomår i år når det gjeld slamtømming av private og kommunale tankar. Dette viser også igjen i avfallsrekneskapet. Tette tankar vart tatt i mai/ juni i 2019. Ordinær tømming skjer i 2020.

Alida

Dette vart stengt i 2012, og sidan ikkje brukt. Det er planlagt planert og tilsådd i 2020.



Figur 6 Nedsetting av nedgravde anlegg ved Berte Kanuttevegen i Ørsta..

Nedgravde anlegg

Styret har vedteke å satse på nedgravne løysingar for å redusere transportbelastning, auke trafikktrygging og opplevd kvalitet på avfallslevering og henting. Vi opplever stor interesse for å få ut enda fleire anlegg. I nye område med konsentrert busetnad, vert dette den nye standarden.

I 2019 sette VØR ned 6 nye nedgravne anlegg og opererer no totalt 16 nedgravne anlegg for hushaldningar.

ÅRIM, SSR og VØR

Eit utvida samarbeid mellom dei tre interkommunale selskapa på Sunnmøre utviklar seg. Det har vore fleire møter på leiarnivå. I spørsmålet om utgreiing av biogass anlegg, samarbeider VØR særskilt tett med ÅRIM. I 2019 vart sak om samanslåing av dei interkommunale avfallselskapa på Sunnmøre tatt opp på styre- og representantskapsnivå. Ein er no i gang med eit utgreiingsarbeid mellom ÅRIM, RIR og VØR for å finne samhandlingsgrunnlag.

Informasjonsarbeid

God kommunikasjon er ein føresetnad for å auke materialgjenvinninga. Facebook har blitt hovudkanalen for å nå ut med informasjon til abonnentane. I desember 2019, nådde vi 1000 følgjarar på Facebook og der er det eit jamt engasjement. Her kan vi legge ut enkle tips og triks til korleis redusere avfallsmengder og kjeldesortere riktig, i tillegg kan innbyggjarane gå i direkte dialog med oss.

Det har også blitt utført mykje informasjonsarbeid i høve strandrydding, skule- og barnehagebesøk, foredrag, besøk hos organisasjonar og i møte med innbyggjarar når vi er ute på oppdrag. Dei tre kommunikasjonsleiarane i VØR, SSR og ÅRIM møttest med jamne mellomrom for samarbeid i ulike fora.



Figur 7- Kommunikasjonsansvarleg ved SSR og VØR hadde foredrag om avfallreduksjon ved Ivar Aasen tunet/ Besøk av Åmås Friskule



Figur 8- Innsamlingsaksjon av farleg avfall på Bjørkedalen /Besøk av barnehage på anlegget

Avfallsrekneskap


Avfallstype	2016 (i tonn)	2017 (i tonn)	2018 (i tonn)	2019 (i tonn)	Type gjenvinning
Frå hushald					
Papir, papp og kartong	928	1040	979	899	Material
Glas- og metallemballasje*	239	264	268	272	Material
Plastemballasje	176	84	202	219	Material
Restavfall	2940	2916	2790	1139	Energi
Matafall	0	0	0	1480	Material
Miljøstasjon					

EE avfall	210	194	198	182	Material
Metall frå miljøstasjon	226	236	206	238	Material
Tekstil (frå begge kommunar)**	131	143	216	171	Ombruk
Gummi	37	20	27	11	Material
Hageavfall	893	765	573	600	Kompostering
Grovavfall	665	690	661	696	Energi
Trevirke	363	419	401	410	Energi
Farleg avfall***	236	250	287	264	Material/Energi /Deponi
Uorganisk avfall (Gips, isolasjon, stein, betong, flis)	73	183	123	119	Deponi
Slam****	463	132	363	84	Material
Totalt	7543	7193	7078	6613	
Til materialgjenvinning (t)	3197	2779	2865	4 050	
Materialgjenvinningsgrad	42,38	38,63	40,48	61,24	
Til energigjenvinning (t)	4084	4196	4042	2 415	
I prosent	54,14	58,33	57,11	36,52	
Til deponi (t)	168	218	171	148	
I prosent	2,23	3,03	2,42	2,24	

- *Utrekning viser at VØR samla inn 252 tonn glas- og metallemballasje i 2019 basert på Sirkel AS tal. Vi har synfart lager per 31.12, og vurderer restverande lager til å vere 20 tonn, som er inklusive i tala (tilsvarar litt over eit halvt lass).
- **Tekstil går ikkje inn i total hushaldningsavfall og i materialgjenvinningsgrad då tekstil går til ombruk og på grunn av Kostra metode
- *** Farleg avfall som har gått til materialgjenvinning, energigjenvinning og deponi er lagt inn i dei raude prosent tala.
- **** Slamtømming er kvart andre år ordinært, derfor er det store variasjonar i tal frå år til år. Inkludert i totale avfallsmengder og materialgjenvinningsgrad

Avfallsrekneskapet ovanfor viser at materialgjenvinningsgrada til VØR har gått mykje opp med innføring av ny ordning for matavfall, og restavfallsmengder har som eit resultat blitt meir enn halvert. Meir materialgjenvinning, mindre energigjenvinning og deponi, auka ombruk av tekstil og total avfallsreduksjon er i tråd med avfallshierarkiet og dei prioriterte måla i den norske og internasjonale avfallspolitikken. Ved å gå frå 40,5 % materialgjenvinningsgrad til 61,2% har vi nådd første målet om 50% materialgjenvinning av avfall frå hushald innan 2020 jf.. Eit samla Storting og regjeringa sine mål. Ikkje minst har vi nådd representantskapet sitt mål. Dette er ein milepåle som styret er godt nøgde med og som syner at kvar einskild innbyggjar sine tiltak i kvardagen, nyttar. Når kommunane og VØR legg til rette for dei.

I diagrammet under kjem det fram at det kvart år sidan 2016 har vore ein nedgang i leverte mengder restavfall i grønne dunkar i eigarkommunane. Samtidig ser vi av avfallsrekneskapet at det har vore ei lita auke i levert grovavfall på miljøstasjonen i 2019 samanlikna med 2018. Meir detaljert informasjon om kvar avfallstype samla inn frå hushalda kjem fram i avsnitta under.



Figur 9-Avfall levert frå hushald i Volda og Ørsta kommuner frå 2016-2019

Plastemballasje



Plastemballasje	2016	2017	2018	2019
Kg per innbyggjar	8,8	4,2	10,1	10,9

Vi har hatt ei mindre auke i innsamla plastemballasje i 2019 samanlikna med året før. Vi nærmar oss 11 kg per innbyggjar som tyder på at innbyggjarane framleis er flinke å sortere plastemballasjen sin. Ei utfordring vi har hatt med auka mengd plast er at fleire ikkje har plastsekken opp i behaldar på hentedag. Dette har vore ei utfordring for sjåførane både tidsmessig og når det kjem til helse og sikkerheit. Opptil 200 gongar ut av bilen per dag gir slitasje på rygg, hofter og kne utover det vi kan forsvare.

I 2019 har det vore stort nasjonal fokus på forsøpling frå plastavfall. Fylkesmann og kommunane har gjennom forskriftene tatt opp med VØR om kva tiltak vi gjer for å redusere forsøpling frå innsamling av avfall frå hushald. Renovasjonsforskriftene har alltid vore tydelege på at loket på avfallsbeholdaren skal vere på og volum utover dette må ein levere på miljøstasjonen. Kjeldene til forsøpling er gjerne fuglar og dyr som forsyner seg i løpet av natta, og som ved hjelp av vind spreier plasten frå sundrevne plastsekkar, utover.

Ut på våren 2019 starta vi eit kartleggingsarbeid, der alle rutar med overfylte papirbeholdar vart registrerte og gitt eit tilbod om ein storleik større behaldar utan prisauke. Fleire av abonnentane sette pris på dette tilbodet, medan andre ville heller nytte seg av miljøstasjonen og levere ekstra

plastsekkar der. Før jul i anledning utsending av ny tømme kalender for 2020, fekk alle abonnentar tilbodet i posten. No er 240 liter behaldaren standardstorleiken og fleirtalet har nytta seg av tilbodet om ein storleik større papirbehaldar.

Glas og metallemballasje



Glas- og metallemballasje	2016	2017	2018	2019
Kg per innbyggjar	11,95	13,2	13,4	13,5

Mange av abonnentane i Volda og Ørsta kommunar har no skaffa seg eigen beholdar til glas- og metallemballasjen. Hausten 2019 starta vi med utrulling av resterande glas og metallemballasje behaldarar, rute for rute. Vi kom litt over halvvegs i arbeid, og vil vere i mål i mars 2020. Dei nye behaldarane med lok-i lok og gravitasjonslås har bidrege til betre kvalitet på den innsamla emballasjen. Men vi ser framleis at det er ein del feilsortering ved at både steikepanner, kassaroller og bildelar hamnar i behaldarane. På grunn av feilsortering hos abonnentane, må vi ta igjen ettersortering på anlegget, dette er både tidkrevjande, kostbart, og er arbeidsmiljømessig utfordrande. Feilsortering fører også til kvalitetstrekk frå mottakar Sirkel AS, som er både dyrt for oss og abonnentane som då må ta kostnadene over renovasjonsgebyret. Talet med innsamla metall- og glasemballasje ser ut til å ha stabilisert seg dei siste par åra.

Restavfall



Restavfall	2016	2017	2018	2019
Kg per innbyggjar	147	145,8	139,5	56,7

I 2018 samla VØR inn 2790 tonn med restavfall frå hushaldningane. I 2019 har det vore ein meir enn halvering av mengda med restavfall, der vi målte 1139 tonn. Dette er som nemnt tidlegare hovudsakleg på grunn av innføringa av eiga sorteringsordning for matavfall. Men ein kan også spekulere i om det viser til betre sorteringsrutinar hjå abonnentane og det kan gi eit inntrykk av at innbyggjarane er blitt meir bevisste forbruket sitt. Dette er uansett særst positivt og er i tråd med avfallshierarkiet som seier at avfallsreduksjon er det beste miljøtiltaket før ombruk og materialgjenvinning. Vidare i 2020 vil vi ha fokus på overfylte restavfallsdunkar, då vi framleis ser desse rundt omkring på avfallsrutene, som òg er ei kjelde til forsøpling.

Papir, papp og kartong



Papir, papp og kartong	2016	2017	2018	2019
Kg per innbyggjar	46,4	52	48,9	41,7

I 2018 samla VØR inn mindre mengder med papir og papp samanlikna med året før. Mengdene har fortsatt å minke i 2019. Vi veit at stadig fleire bestiller varene sine på nett og slik får meir emballasje. Likevel ser det ut til at fleire abonnentar reserverar seg mot unødvendig reklame i posten og abonnerar på aviser og blad på nett. Samansetninga av innhaldet i papirbeholdaren har dermed endra seg samanlikna med berre nokon få år sidan. Det er mindre «plussfraksjonar» i papiravfallet (t.d. avisepapir, magasin og bølgepapp), medan vi ser meir av kartong og emballasjetypar som er mindre ettertrakta på marknaden for returfiber. På grunn av importstopp frå land i Austen, slit no returpapirmarknaden i Europa og Skandinavia. Dette har gitt oss utfordringar i 2019 på prisen på returpapiret og ser ut til å fortsette i 2020. Det er viktig å presisere at vi fortsatt har kjøparar av samsfraksjonen vi leverar.

Farleg- og småelektrisk avfall.



Farleg avfall	2016	2017	2018	2019
Kg per innbyggjar	11,8	12,5	14,35	14

Stadig fleire besøker miljøstasjonen for å tømme raudeboksane sine. Vi ser ei tydeleg endring i haldningane til folk når det kjem til farleg avfall, basert på det vi får inn og at særskilt småbatteri, lyspærer og småelektriske artiklar har hatt ei sterk auke. Vi vurderer auken i småbatteri å ha tredobla seg i høve 2016.

Første innsamlingsaksjonen for farleg avfall på bygdene hadde vi hausten 2018 og dette held vi fram med i 2019. Dette er eit tilbod som vert satt godt pris på av innbyggjarane utanfor sentrumsområda som har lengre avstandar til miljøstasjonen. Det har vore godt oppmøte på aksjonane i 2019, men vi fekk inn mindre mengder med farleg avfall dette året samanlikna med 2018. Grunnen til dette er nok at dei fleste «rydda opp» i garasjar og løder året før, og dermed hadde mindre å levere i 2019. Dette

viser igjen i tabellen som viser kilo innsamla farleg avfall per innbyggjar. Totalt samla vi inn 9.108 kg farleg- og småelektrisk avfall på bygdene i haust mot 16.800 kg i 2018.

Brann i avfall

Statlige myndigheiter har eit sterkt fokus på avfallsbransjen for tida med omsyn til brann. Vi ser stadig vekk i nyheitsbilete om brann i avfallsanlegg rundt omkring i landet. Grunnen til statlige myndigheiter sitt auka fokus er den forureininga brann representerar i form av utslepp til vassdrag av det som brenn og sløkkevatn som inneheld oksygendrepande middel. Avfallselskapa i fylket har fått melding om at dei må søke om nytt Løyve i 2021, der dette må takast sterkare omsyn til.

Det er fleire eksemplar i avfallsbransjen der brann startar i restavfallet på grunn av litiumbatteri som er feilsortert. Det er derfor særskilt viktig at dette blir sortert ut og VØR sin satsing og fokus på raudeboks og farleg avfall må mellom anna sjåast i dette lyset. Folk sine haldningar til avfall kan vere avgjerande for VØR si drift. Eksempelet med lineraketten i grovavfallet syner alvoret i dette og vi meina dette har hatt ein medverkande årsak til betre haldningar til sortering. Innlegget vårt vart delt på Facebook, og både media og innbyggjarane engasjerte seg i dette. Anlegget på Melsgjerdet er planlagt med sprinkling og oppsamlingsbasseng for sløkkevatn som må evt. leverast til farleg avfall mottak godkjende for det. I 2021-2022 må vi etablere tilsvarande sprinkling og oppsamlingsbasseng i Hovdebygda.

Eigarrapportering og framtidsutsikter

Jamført avfallshierarkiet er den viktigaste prioriteringa i avfallspolitikken ein nedgang i totale mengder med avfall som stammar frå hushald. Som tabellen nedanfor syner, så har VØR hatt ein jamn nedgang i totale avfallsmengder per innbyggjar sidan 2016. I desse tala er avfall levert på miljøstasjonen inkludert.

Totalt avfallsmengder	2016	2017	2018	2019
Kg per innbyggjar	377,15	359,65	353,9	329,1

Selskapet undersøker stadig om det er fleire avfallsfraksjonar som kan materialgjenvinnast. Dette er avhengig av marknaden og etterspørsel etter råvarer, samt kva behandlingalternativ som er tilgjengeleg. Selskapet har notert seg ein moglegheit til å flytte treverk frå energigjenvinning til materialgjenvinning, då det i 2019 har opna seg ein sjanse til å levere treverk til sponplateproduksjon som er materialgjenvinning. Det var også gjort eit vedtak i år 2015 av Representantskapet om å undersøke moglegheitene for å behandle hardplast. Dette vart undersøkt på dåverande tidspunkt utan å finne eit tilbod for denne fraksjonen. Det har i 2019 opna seg ei moglegheit gjennom Grønt Punkt Norge som vi vil nytte oss av. Tilbodet er å levere hardplast frå gjenvinningsstasjonar til eit godkjent plastsorteringsanlegg utanfor Vilnius i Litauen. Krava er strenge til kva vi får levere frå oss, då hardplasten må vere reint sortert. Dette krev meir område under tak som vi ikkje har. Ordning for trevirke og hardplast planlegg vi å ha på plass i 2021.

For å nå framtidige materialgjenvinningsmål innan 2035, må vi rekne med at dei nemnte avfallstypene, i tillegg til fleire fraksjonar må utsorterast i løpet av åra som kjem. I tillegg ligg det ann til at materialgjenvinningsgrada skal målast på mengder som kjem ut frå behandlingsanlegget og ikkje mengder som blir sendt til anlegget, som er praksisen i dag. Ny praksis vil redusere materialgjenvinningsgrada per i dag. I 2019 lanserte EU sin nye sirkulære økonomi handlingsplan, kalla «the European Green Deal», der fokuset framover vil vere mykje sterkare på industrien og produsentansvar. Målet er at Europa skal bli det første klimanøytrale kontinentet innan 2050. Uansett kva slags politiske mål som vert vedtekne, skal VØR gjere sitt til at vedtekne mål vert nådd, til det beste for noverande og framtidige generasjonar.

ØKONOMI.

VØR omsette i 2019 for kr 34.590.579,- og fekk eit samla underskot på kr -48.823,-

Sjølvkostfond hushaldningsrenovasjon synte per 31.12.2019 ein negativ balanse stort kr. -590.153,- ned frå kr -1.015.874,- pr. 31.12.2018.

Sjølvkostfond slam synte ein positiv balanse stor kr 1.279.540,- per 31.12.2019, ned frå kr 1.674.668,- pr 31.12.2018.

Annan egenkapital syner 14.879.929,- per 31.12.19 opp frå kr 14.235.273,- per 31.12.2018.

Sjølvkostfond etterdriftstiltak deponi synte ein positiv balanse per 31.12.2018 på kr 724.048,- Etter løyve med Fylkesmannen, vert dette fondet avvikla og overført fond hushaldningsrenovasjon og fri egenkapital i balansen, områder det i sin tid var avsett frå.

Kr 532.175,28 er såleis overført til sjølvkostfond hushaldningsrenovasjon

Kr 191.872,72 er overført til annan egenkapital.

For meir detaljere opplysningar om rekneskapstal, vil vi vise til rekneskapan 2020 med notar.

Personale, arbeidsmiljø og ulykker.

VØR har ved utgangen av året 18 fast tilsette fordelt på 16,8 årsverk. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2019 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert i samband med ISO-9001 arbeidet. Risikovurderingar vert brukt aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra, vi har ingen turnover. Vi organiserer aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. Vi samarbeidar med Stamina Helse om å ha eit godt arbeidsmiljø. I 2019 er det gjennomført kosthaldsvegledning og vi hadde tilbod om individuell treningsopplegg for sjåførar og tilsette på miljøstasjonen. Vi leiger inn Sikkerheitsrådgivarteneste med Hans Ivar Langvatn AS.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle tilsettingar.

Av våre tilsette ved årsskiftet, er 7 kvinner.

VØR hadde 0,8 % eigenmeldt fråvær (< 3 dagar) og 14,7 % legemeldt langtids sjukefråvær. Totalt eit sjukefråvær på 15,5 %, mot 9,8 % i 2018. Det høge langtidsfråværet skuldast alvorleg sjukdom som ramma fleire av våre tilsette i 2018 og 2019.

Vi har ikkje sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2019.

Vi har ikkje registrert tilfeller av ureining til det ytre miljø i 2019. Vi har ikkje registrert klage på lukt frå anlegget vårt.


Det er gjennomført medarbeidar samtalar med alle tilsette i 2019. Vidare har vi arbeida systematisk for å verte sertifisert etter ISO 9001 -standarden. Dette har løfta oss med betre rutinar på alle nivå.

Vi har hatt ei ulykke ved mottak av farleg avfall. Ein tilsett fekk syresprut på seg, men heldigvis utan varige mèn og sjukefråværdagar.

Representasjon i 2019

- Avfall Norge årskonferanse i juni (Ina)
- Avfallsforum Møre og Romsdal konferanse (Petter, Ina og Stine)
- KOM-TEK dagar i Bergen (Edle og Hege)
- Nasjonal farleg avfall konferanse (Petter)
- Retura Norge AS ordinær generalforsamling i mai (Petter)
- Biogass konferanse (Stine)


Hovdebygda 24.03.2020




Jon Helge Bjørndal
Styreleiar



Helge Standal



Ove Myklebust
tilsette sin representant



Petter Bjørndal
Dagleg leiar



Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar



Anne Ellingsen

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**RESULTATREKNESKAP 2019**

	Note	2019	2018
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Salsinntekt		34 475 857	30 625 246
Annan driftsinntekt		<u>114 722</u>	<u>181 121</u>
Sum driftsinntekter		<u>34 590 579</u>	<u>30 806 367</u>
Driftskostnader			
Frakt, toll og spedisjon			
Behaldningsendring sekkar		257 803	-11 364
Lønnskostnad	2	-12 135 348	-11 891 346
Avskrivning	3	-3 652 948	-3 684 306
Annan driftskostnad		<u>-18 822 134</u>	<u>-17 688 098</u>
Sum driftskostnader		<u>-34 352 627</u>	<u>-33 275 114</u>
Driftsresultat		<u>237 952</u>	<u>-2 468 747</u>
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekt		890 424	1 042 180
Nedskrivning av finansielle anleggsmiddel			
Annan finanskostnad		<u>-1 137 057</u>	<u>-350 900</u>
Sum netto finansposter		<u>-246 633</u>	<u>691 280</u>
Resultat før skattekostnad		-8 681	-1 777 467
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>-40 142</u>	<u>-63 300</u>
Ordinært resultat		<u>-48 823</u>	<u>-1 840 767</u>
Arsresultat		<u>-48 823</u>	<u>-1 840 767</u>
Arsoppgjersdisposisjonar			
Frå fond etterdriftstiltak	8	724 048	
Frå fond slam		395 128	-971 789
Til fond hushaldning	8	-425 721	3 896 694
Overført annan EK	8	<u>-644 632</u>	<u>-1 084 138</u>
Sum disponert		<u>48 823</u>	<u>1 840 767</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA

BALANSE PR. 31.12.19

	Note	2019	2018
EIGEDELAR			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Immaterielle egedelar	3	98 027	78 334
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	16 239 688	17 009 979
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskiner og liknande	3	<u>10 363 039</u>	<u>9 905 496</u>
Sum varige driftsmidler		<u>26 700 754</u>	<u>26 993 809</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		<u>1 314 688</u>	<u>1 396 899</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>1 314 688</u>	<u>1 396 899</u>
Sum anleggsmidler		<u>28 015 442</u>	<u>28 390 708</u>
Omlaupsmidler			
Varer			
Varelager		<u>331 886</u>	<u>79 612</u>
Sum varer		<u>331 886</u>	<u>79 612</u>
Fordringar			
Kundefordringar		1 107 573	2 722 233
Andre fordringar		<u>1 315 992</u>	<u>1 061 113</u>
Sum fordringar		<u>2 423 565</u>	<u>3 783 346</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	<u>78 970 940</u>	<u>8 190 158</u>
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		<u>78 970 940</u>	<u>8 190 158</u>
Sum omlaupsmidler		<u>81 726 391</u>	<u>12 053 116</u>
SUM EIGEDELAR		<u>109 741 833</u>	<u>40 443 824</u>

2019

2 018

EIGENKAPITAL OG GJELD**EIGENKAPITAL****Opptent egenkapital**

Fond for etterdriftstiltak deponi	8	-	724 048
Fond for slamhandsaming		1 279 540	1 674 668
Fond for hushaldning	8	-590 153	-1 015 874
Annan egenkapital	8	<u>14 879 929</u>	<u>14 235 273</u>
Sum opptent egenkapital		<u>15 569 316</u>	<u>15 618 115</u>
Sum egenkapital		<u>15 569 316</u>	<u>15 618 115</u>

GJELD**Avsetning for forpliktelsar**

Utsett skatt		<u>-96 663</u>	<u>-23 796</u>
Sum avsetning for forpliktelsar		<u>-96 663</u>	<u>-23 796</u>

Annan langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	5	<u>89 188 711</u>	<u>21 281 875</u>
Sum annan langsiktig gjeld		<u>89 188 711</u>	<u>21 281 875</u>

Sum langsiktig gjeld

	<u>89 188 711</u>	<u>21 281 875</u>
--	-------------------	-------------------

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld		2 621 513	1 299 944
Betalbar skatt		113 009	82 979
Skyldige offentlege avgifter		494 213	553 952
Annan kortsiktig gjeld		<u>1 851 734</u>	<u>1 630 755</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>5 080 469</u>	<u>3 567 630</u>

Sum gjeld

	<u>94 172 517</u>	<u>24 825 709</u>
--	-------------------	-------------------

SUM EIGENKAPITAL OG GJELD

	<u>109 741 833</u>	<u>40 443 824</u>
--	--------------------	-------------------

Hovdebygda 24.03.20

John Helge Bjørndal
Styreleiar

Ann Britt Våge Fannemel
Nestleiar i styret

Anne Ellingsen
Styremedlem

Hege Standal
Styremedlem

Ove Myklebust
Tilsettere representant

Petter Bjørdal
Dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2019

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidareasal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 **Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.**

	2019	2018
Løner	8 614 438	8 705 991
Arbeidsgjevaravgift	1 470 011	1 441 397
Pensjonskostnader	1 468 609	1 170 103
Andre lønskostnader	582 290	573 855
Sum lønskostnader	<u>12 135 348</u>	<u>11 891 346</u>

Det har i gjennomsnitt vore 19 tilsette i selskapet i 2019

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/ Representantskap
Løn	908 281	287 211
Anna godtgjersle	59 839	258
Premie til pensjonsordning	180 171	

Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Betalt pensjonspremie i året: kr. 1.406.753

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2019 utgjør kr. 23.520

Note 3 **Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.19	74 518 217
Tilgang	3 331 454
Avgang	
Kostpris 31.12.19	77 849 670
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.19	50 956 070
Balanseførte verdier 31.12.19	26 672 314
Ordinære avskrivningar i året	3 652 948

Note 4 Bundne midlar

Posten inneheld bundne bankinnskot med kr. 494.213

Note 5 Pantsetjingar og garantiar

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 89.188.711 er sikra med garantiar frå eigarane.

Note 6 Eigenkapitalinnskot KLP

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2019 er det betalt kr. 39.229 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 533.302

Note 7 Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda**Årets skattekostnad****Resultatført skatt på ordinært resultat:**

Betalbar skatt	113 009
Endring i utsatt skatt	-72 867
Skattekostnad ordinært resultat	40 142

Betalbar skatt i årets skattekostnad:

Ordinært resultat før skatt	508 231
Permanente forskjellar	-325 772
Grunnlag for årets skattekostnad	182 459
Endring i midlertidige forskjellar	331 217
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	513 676
Skattepliktig overskot	513 676

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	113 009
Sum betalbar skatt ordinært resultat	113 009

Betalbar skatt i balansen:

Betalbar skatt på årets resultat	113 009
Sum betalbar skatt i balansen	113 009

Utsatt skatt på bygningar er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8

Note 8 Fond for etterdriftstiltak deponi

Vør har sidan 2004 hatt eit fond for etterdriftstiltak avslutta deponi. Pr. 31.12.18 var fondet på kr. 724.048. Sidan det er lite sannsynleg at det vil kome fleire kostnader knytta til deponiet, er fondet i 2019 avslutta og overført med kr 532.175 til fond for hushaldning, og kr. 191.873 til annan eigenkapital. Fordelinga er gjort utifrå ei vurdering av kvar avsetninga til fondet i si tid kom frå.

Note 9 Kostnadsdekning 2019 i samsvar med skjema 23- SSB

	HUSHALDNING	SLAM
Kostnader	24 242 199	1 290 307
Kalkulatoriske rentekostnader	240 835	15 792
Avskrivningar	2 228 299	146 118
Gebyrgrunnlag	26 711 333	1 452 217
Inntekter	26 623 138	1 023 502
Det finansielle resultatet for året	-88 195	-428 715
Avsetning til sjølvkostfond		
Bruk av sjølvkostfond	88 195	428 715
Saldo sjølvkostfond 01.01.19	-483 699	1 674 668
Alternativkostnad ved bunden EK eller framføring av underskot	-18 259	33 587
Saldo sjølvkostfond 31.12.19	-590 153	1 279 540
Finansiell dekningsgrad i året, prosent	99 %	70 %
Sjølvkostgrad for året, prosent	100 %	100 %

Saldo på sjølvkostfond pr. 01.01. er korrigert med overføring frå fond for etterdriftstiltak deponi.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING 2019

Uttalelse om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS som viser eit underskot på kr. 48.823,-. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2019 med notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelsar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevet i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overheldt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Leiinga er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding, men inkluderar ikkje årsrekneskapen og revisjonsberetninga. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje øvrig informasjon, og vi attesterar ikkje den øvrige informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det forelegg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestmmelsar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta stilling til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggest til grunn for årsrekneskaen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som fylgje av misligheiter eller utilsikta feil, og å avgi ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misligheiter eller utilsikta fil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimeligheit kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast misligheiter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheiter ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheiter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheiten av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avleggelsen av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det foreligg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, vert det krevd at vi i revisjonsberetningen vier oppmerksomheita på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Etterfølgande hendelsar eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikkje forsetter drifta.
- Evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskaen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskaen gir uttrykk for dei underliggande transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Vi kommuniserer med leiinga blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Larsnes 23/3-2020

Halldis Moltu

Halldis Moltu

-reg. revisor-

ERKLÆRING I SAMBAND MED REKNESKAPSAVLEGGING FOR 2019

 VØR	
20 MAR 2020	
ARK.NR.	J.NR.

Vi stadfester etter beste skjønn og overtvinging:

Rekneskap og budsjett


- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året låg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlige forplikningar for selskapet utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at selskapet har brote avtaler eller offentlige påbod på ein måte som kan påføre selskapet vesentlige økonomiske forplikningar.
- Vi kjenner ikkje til at det har skjedd hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentlig betydning for årsrekneskapen.
- Vi har ikkje opplysningar om misleghald eller andre uregelmessige forhold av betydning for årsrekneskapen.
- Vi er kjent med vårt ansvar for å sette i verk formålstenleg rekneskapsrutine og kontrolltiltak for å forhindre og avdekke misleghald og feil.
- Selskapet og årsrekneskapen inneheld ikkje forhold eller transaksjonar med nærstående partar utover datterselskap og kommunane (gjeld både selskap og personar).
- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjente inntekter og utgifter samt økonomiske forplikningar av betydning – både påløpte og betinga.
- Alle budsjett- og budsjettendringar gjennom året er registrert.
- Vi meiner at rekneskapsmessig fordeling mellom hhv. næring og monopol er i samsvar med regelverket for sjølvkost.

Opplysningar som er gitt

- Vi har gitt revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av rekneskapen
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål
- Alle transaksjonar er registrert og går fram av rekneskapen.

Eventuelle kommentarar til punkta over:

Hovdebygda dato 20 mars 2020


Dagleg leiar